

5.12.96

Dagbladet

debatt

Forlag i krise

Redaksjonssjef i Tiden Norsk Forlag, Per Bangsund, har rykka ut til forsvar for Egil Ulateigs bok «Med rett til å drepe».

Detaljane i Bangsunds argumentasjon får det vere opp til kvar enkelt å vurdere, ut frå det som har kome fram om det nivået denne

historie

Hjemmefront-museets direktør Arnfinn Moland svarer her redaksjonssjef Per Bangsund i Tiden i debatten om Egil Ulateigs bok «Med rett til å drepe».

boka ligg på. Eg reiknar med at han ikkje er representativ for norske forlag og konstaterer at ein konkurrent i bransjen hadde den faglege ekspertise som skulle til for å refusere eit slikt manus. Sidan Bangsund kjem inn på den rolle eg spelar i dette ordskiftet, vil eg gjerne kommentere dette nærmare. Den mistenkeleggjering som ligg bak hans formulering – i tråd med Ulateigs konspirasjonstankgang – skal eg la ligge. Ja, ein historikar spelar sjølv sagt ei rolle, han kan til og med ha eit sett av grunnleggjande verdiar, heilt i tråd med dei som kom til uttrykk i den norske motstandskampen, formidla av Norges Hjemmefrontmuseum lenge før mi tid. Denne formidlinga er på linje med den grunnleggjande, faglege forståing som ligg bak det aller meste som er skrive av faghistorie om emnet. Ein del premisser innafor dette fagfeltet blir sett på som gjennomdrøfta og avklarte: synet på nazismen som ideologi og dei ugjerningar denne førte med seg, m.a. Holocaust, at Norge var i krig, den norske regjeringa rett til å handle på vegne av Stortinget og det norske folk, vårt folks rett til å gjere motstand mot okkupasjonen, også etter kapitulasjonen, og legaliteten, i det norske rettsoppgjeret, for å nemne nokre av desse. Som Bangsund peiker på, har Hans Fr. Dahl inntatt eit avvikande standpunkt i slike «tilvante forestillinger». Dette må sjølv sagt vere opp til den enkelte, men i langt vidare kretsar enn Dahl truleg sjølv er klar over blir det stilt spørsmålsteikn ved hans vurderingsevne innafor dette emnet, særleg etter at han i Holocaust-ordskiftet i sommar passerte både ei farleg og ei fagleg grense.

■ ■ Bangsund er full av forståing for at eg ikkje kunne ha fungert som konsulent, det ville ha vore «helt meningslöst å kreve det av ham». Dette er uhyre interessant og bør få alarmklokker til å ringe. Moral: Send ikkje manus til personar som i utgangspunktet kan ha ei kritisk innstilling til forfattern og det han står for. Er dette verkeleg sunn forlagspraksis? Eg ville sjølv sagt ha sendt det tilbake med sterke påteikningar, både kva gjeld dei meiningar/vurderingar boka innheld, som forlaget kunne ha sett bort frå fordi dette er Ulateigs klare rett, og faktiske feil, der forfatter og forlag ikkje har eit tilsvarande privilegium. Her kan ikkje forlaget skyte seg inn under flosklar som å «skape debatt» og hindre at det blir lagt «lokk over historien». Ei av rollene til ein historikar er nemleg også å vere ein slags garantist for at historiske fakta er så korrekte som mogleg, noko som er det nærmaste ein kan kome det vanskelege ordet objektivitet. Men forlaget valde altså med særleg omhug ein konsulent som er mest opptatt av «den spesielle voldsmentalitet» okkupasjonen førte med seg (Dagbladet 20.11.). Ut frå ei slik olympisk formulering blir alt anna trivialiteter og «petitesser», t.d. kven som drepte kven, bakgrunn og samanhengar. Særleg dersom fakta kan forvirre forfattarens bodskap.

■ ■ Sjølv sagt kan verken ein forfatter, ein konsulent eller eit forlag skalte og valte med faktiske, dokumenterte, historiske hendingar. Å skulde på ein vanskeleg kjeldesituasjon er og blir ynkeleg når samtlege graverande feil kunne vore retta opp med hjelp av heilt alminneleg kjeldebruk, inklusive bøker og offentlege arkiv. Når så skaden er skjedd, er det eit farleg tegn i tida dersom påvisning av faktiske, grove og personrelaterte feil ikkje lenger er relevante for eit forlag, men Per Bangsund tar ikkje sjølvkritikk: «Vi trengjer slike bøker.» I ein større samanheng kan eg minna om at «Zions vises protokoller» framleis er å få kjøpt fra Sons of Liberty Books, vennleg sendt til meg frå ein av dei som mislikar min «rolle» i dette ordskiftet. Forlagets reklametekst er «jødenes hemmelige forhandlinger som viser deres sammensvergelse for å ta over og kontrollere den hvite sivilisasjon». Vi skriv 1996. Intet er nytt under solen.

■ ■ Tilbake til vår andedam. Dersom Bangsund er representativ for Tiden Norsk Forlag, kan dei spare utgiftene ved å bruke konsulentar. Når det faktum at ei bok har «skapt debatt» er «fortjenstfullt i seg selv», blir konsulentar rett og slett overflødige, truleg også forlaget.

Arnfinn Moland ■